

Alver kommune

v/ Marte Hagen Eriksrud

06.03.2023

Arild Aase

Aase 35

5916 Isdalstø

#### **REVIDERT INNSPEL TIL AREALPLAN FOR ARILD AASE GNR186 BNR2 I ALVER KOMMUNE**

Sender herved revidert innspele til arealplan for gnr 186 bnr 2 i Alver Kommune. Først vil eg takke for gjennomgangen av kommunen sine system, for å sjå på moglegheita for å kunne utvikle garden vår gjennom kommunen sine prosesser, i arealplanen.

Som tidlegare nevnt er det veldig viktig for oss på Aasegarden å kunne etablere og utvikle dei næringane som me ser for oss kan være med å drive garden vår vidare. Det er vanskeleg å starte og kunne leve av berre landbruksrelaterte næringar, på ein gard med denne størrelsen i vårt distrikt. Vi skal likevel ta vare på og halde liv i landbruket for framtida og pleie garden og dyrka mark som betyr mykje for oss. Me er opptatt av å nytte garden sine ressursar og veit at vår sentrale plassering, vil være vårt fortrinn i eit bynært landbruk for framtida.

Etter at politikken og landbruksmyndigheita fekk oss til å selje mjølkeproduksjonen som alltid har vore ryggraden og den sikraste inntekta på garden, har me i mange år deltatt på forskjellige seminar og kurs for å etablere nye næringar på garden. Dette har resultert i dei tilleggsnæringane som me har i dag og som me treng å utvikla vidare for å kunne overleve. Dette er næringar som var godkjente som tilleggsnæringar i landbruket og ga støtte frå Innovasjon Norge. Me har også nye næringar på planen som kan gje arbeid og inntekt til å behalde og vedlikehalde garden framover.

Revidert innspele til arealplanen tar utgangspunkt i innspelet som vart sendt inn i 2022.

Vår plan vidare er:

1. Alle areal som vart endra til LNF spredt næring i 2019 vert ståande som LNF spredt næring, men at det vert fjerna krav til detaljregulering for desse og nye område. Kravet om detaljregulering vil være ei så stor økonomisk belastning og urealistisk når innteninga skal dekkast av landbruksrelatert investering. Dette vil medføre at det ikkje vert investeringar og utvikling.
2. Det vert laga innspele om utskilling for sal av areal for LNF spredt bustad som referert i kart. Dette er same område som innspele i fjar. Det er planlagt 4 bustader i utkant av garden og i forlenging av eksisterande bustad på garden. Det vil gje garden nytt liv og kan også kombinerast med utleige av dyrka mark for bebuarar som ynskjer å dyrke mat til eige formål.
3. Det vert også gjeve innspele på areal for LNF spredt næring der det allereie er eller pågår arbeid for etablering av nye tilleggsnæringar som sagbruk med sal, tørke for materialar.
4. Hesteaktiviteten har pågått i 23 år og er hovudinntekta på garden. Inntekta er utleige av stallplass med tjenester og salg av eget produsert grovfor og spon. Det er kostbart å eige

hest. Vår erfaring er at økonomi og rentenivå styrer ofte antallet hester vi har i stallen. Likevel ønsker vi å bruke deler av driftsbygget til å drive aktivitet for hesteinteresserte. Dette gir oss mulighet å selge vårt eget grovfor, bruke driftsbygget og bruke garden og naturen rundt, til et fint tilbud for barn og voksne i bynært miljø. Også kurs og rideleirer har vi arrangert i forskjellige størrelser, men det har vist seg å være vanskelig på høst og vinter. Det har alltid vore et behov for ride hall, men vi har ikke valgt å investere i dette ennå.

5. Det vert gitt innspel for utvikling av etablerte tilleggsnæringer som har vore på garden i over 20 år. Dette gjelder behovet for overnatting som hytter og bobil oppstilling for aktivitetar, kurs og stevner for hestesenteret og hundetrenings og konkurranse arrangement. Dette vert spelt inn i LNF spredt næring. Vi ser at etterspørsel for aktivitetane er stadig veksande og at fritidsinteressene som omhandler dyr og bruken av garden sine ressurser, er godt etablert på garden vår. Vi ser at tilleggsnæringane våre bidrar til eit større mangfald av fritids og aktivitetstilbod for innbyggjarane i Alver kommune. Dette er aktivitetar som ein ikkje kan ha i Knarvik og som dei siste 20 åra har vore kommentert som helsebringande for samfunnet. Dette bidrar til eit større miljømangfald, idrettstilbod og til folkehelsa. Verken hund eller hestearrangement er velkomne i areala i Knarvik Idrettspark. Det er også eit sosialt treffpunkt for barn og voksne å drive si fritidsinteresse i Landbruk-natur og fritids areala på Aase. Vi meiner det også er eit behov for selskapslokale og lokale for kurs slik at arrangement og kurs har riktige fasilitetar lokalt. Det er også då lettare å kunne tilby lokal og stadbunden mat i slike samanheng. Vi ser for oss eit grindbygg produsert på sagbruket til denne aktiviteten i området for sal av lokalmat.  
Med moglegheit for overnatting i hytter og bobilplassering i forbindelse med aktivitetar på garden, kan me skape eit betre tilbod og fleire inntektsgivande næringer. Det kan eksempelvis skapast meir aktivitetar som «inn på tunet» besøk, med meir landbruksretta opplevelsar for born og voksne som ynskjer å bu ei helg på ein gard og hente sin eigen mat frå garden. Dette vil også medføre at folk flest vil sjå at gardane og landbruket må takast vare på og drivast med tradisjonell drift og elles dei ressursar som eksisterer på garden.  
Vi ser også at sagbruket kan verte eit spanande møtepunkt for kursing og lære i bruken av treprodukter.
6. Det er lagt innspel for endra areal til LNF spredt næring for meir parkering ved museet. Dette behovet er allereie tilstades for aktiviteten ved bygget.
7. Areal for inngjerding til betalt lufting av hund, ynskjer eg at landbrukskontoret skal informere meir om kva slags type markslag som er lov å gjere dette på. Det er ynskjeleg å få dette med i arealplanen no, sidan dette er noko vi har sett behovet for og at det pr i dag er ei utfordring i forhold til Viper og anna fugl som hekker i bakken. Me har plass til eit 20 dekar område for denne aktivitet, men har ikke lagt den i kartet ennå.

Håper at me kan få realisere desse planane for Aasegarden, slik at garden kan drivast med tradisjonell drift og samtidig ha utvikling for tilleggsnæringerane.

Med helsing

Arild Aase

